

Årsmelding frå FAU for skuleåret 2009/2010.

1. Samansetning

I skuleåret 2009/2010 var foreldras arbeidsutval (FAU) ved Flem skule slik:

Årstrinn	Namn	Verv
Alle	Tanja Otterlei	Rektor
1	Per Kåre Flem	Klassekontakt
1	Jan Henning Haram	Vara **
2	Ingvild Rogne Davik	Klassekontakt *
2	Elisabeth Haram	Vara **
3	Frode Ravnstad	Klassekontakt
3	Eli Karin Dybvik	Vara **
4	Inger Karin Eidem Flem	Klassekontakt *
4	Johnny Flem	Vara **
5	Bente Solbjørg	Klassekontakt
5	Lisbeth Austnes	Vara **
6	Alice Farstad	Klassekontakt *
6	Reidun Longva	Vara **
7	Uwe Kleinhans	Klassekontakt
7	Oddmund Longva	Vara

Klassekontaktene vert valt for 2 år i gongen. Dei som er merka med * skal velge nye/ gjenvelge klassekontakter. Vara vert valt for 1 år i gongen**.

Ved valg av klassekontakt/vara er **alle** foreldre valgbare.

Rektor er med for å halde seg orientert, orientere om saker og hjelpe med andrepraktiske ting.

FAU-leiar Frode Ravnstad
FAU-nestleiar Bente Solbjørg
FAU-referent Bente Solbjørg

FAUs 3 representantar i skulens samarbeidsutval (SU) med personlege vara:

Frode Ravnstad med vara Bente Solbjørg
Per Kåre Flem med vara Jan H. Haram
Uwe Kleinhans med vara Ingvild R. Davik

2. Møter

I løpet av skuleåret har det vore:

- 6 FAU-møter, tre i haust- og tre på vårsemesteret
- 1 foreldrerådsmøte 9/6-10
- 1 hoved-dugnad, våren 2010.

3. Saker til behandling

I løpet av året har vi arbeid med følgjande saker:

3.1 Svømmeundervisning

Det har ikkje vore symjeundervisning dette skuleåret.

FAU- har teke symjeundervisninga opp i SU, med politikarrepresentant frå kommunestyret (Jan Petter Urke). Det er naudsynt å framleis ha press på politikarane i kommunen for å få symjeundervisning og rehabilitering av symjehallen ved Haramsøy skule.

Saka har og vore teka opp i KFU som køyrer saka vidare mot politikarane.

3.2 Utarbeiding av plan for opprusting av ute/leike området ved skulen.

FAU har jobba med å få i stand ein plan for opprusting av ute/leike området ved skulen. Elevane ønskjer seg ei dobbel kinadisse og ei 6-kantdisse. FAU har i samarbeid med elevane starta arbeidet med å planlegge plassering av apparata, samt utarbeid eit kostnadsoverslag og ein finansieringsplan.

Så langt er første søknaden om midlar sent SBM.

3.3 Innspel ifm. reguleringsplan for Nordøyvegen.

Den 1.nov. 2009 var det frist for å kome med innsigelsar i samband med reguleringsplanane for Nordøy vegen. FAU egna eit møte til å gå gjennom teiningar og kome med våre innspel på korleis vegen bør leggest frå skulen, foreldra og elevane sin ståstad.

Brevet vart sendt til Statens Vegvesen 26.10.09

3.4 Jubileumsfest

Ei eiga gruppe samansatt av lærarar, elevar, tidlegare lærarar og foreldre var aktiv før jubileumsfesten som var den 7.nov.2009.

Det var ei produktiv gruppe som fekk satt saman ein kjekk og livleg jubileumsfest.

3.5 Gang og sykkel veg frå Flem 1 ttil skulen.

FAU sendte innspel til kommunestyret med synspunkt angående utsetting av resterande del av gangveg frå Flem 1 til skulen.

Svar frå kommunen var at saka vil bli utsatt til nærmare avklaring vedrørende Nordøyvegen var klar.

3.6 Dugnadar i skuleåret 2009/10

Det vart halde ein dugnad 28/4-10. Det vart då rydda og gjort naudsynt arbeid på skuleområdet.

3.7 Foreldreundersøkinga våren 2010

FAU har gått gjennom foreldreundersøkinga som vart foreteke denne våren.

Det er framleis svært lav deltaking og dette gjer at det vert vanskeleg å sjå klare trekk i undersøkinga.

Ut frå dei tala ein har er det nokre felt som ein ser endring på frå forige gong og nokre saker som skulen vil ta tak i og fokusere på.

3.8 Div. mindre saker, sjå FAU-referat på heimesida for meir info.

3.8.1 Orientering og gjennomgang av leksehjelp ordning frå hausten2010

3.8.2 Ønskje frå klassekontakt om større fokus på forsøk i naturfag.

3.8.3 Auka timetal til neste år. Den ekstra tida skal brukast til å styrkje matte i 1-4 klasse.

3.8.4 Orienteringar om kva som vert handsama i KFU.

3.8.5 FAU-kontoane samla til ein konto i SBM.

4. Generelle erfaringar

Dette skuleåret har gått utruleg fort. Vi har jobba godt i FAU og fått uttala oss i tide både i sbm. Nordøyvegen og gang/sykkelveg frå Flem 1. Jubileet til skulen tok og ein del tid på hausten, og no på våren var det plutselig tid for vårdugnad. Arbeidet med uteområdet skal halde fram til hausten og vi håpar at dei som har idear og tips til det vi skal lage til er snille og seier ifrå til klassekontakta si.

Mange av klassene har hatt sosialt samver dette året og, og mange har vore på Håp i havet slik at ungar å vaksne kunne få kjenne på korleis det er å bade i baseng.

FAU og KFU held fram med symjeundervisningssaka til hausten

Longva
Frode Ravnestad
FAU-leiar